

Bøkkerkveld som sommar-avslutning?

11.05.2011



Professor og feriegjest i Uskedalen Dag Helland er ein av mange fengande kåsørar som har delteke under Bøkkerkvelden

**Har du tenkt på sommaravslutning for verksemda eller
ein ny og annleis kveld for personalgruppa di?**

Godseigar Hallvard og leiglending Kristian stillar dette spørsmålet i invitasjonen til årets Bøkkervkveld på Rød. Den skal avviklast laurdag 25. juni og det skjer for 15. gong - utan opphald.

Denne kystkulturkvelden er eit kulturelt høgdepunkt i året i Uskedalen. Ramma er Bøkkerverkstaden som byr på eit særegne sjøbruksmiljø og kvelden har som regel spennande aktørar på programmet.

Nokre aktørar går att og Borge Olsens kvartett er blant dei. Kven som skal vera kåsør denne gongen er enno ikkje klårt og sjølvsgatt heller ikkje kven som vil bidra med munnleg forteljarkunst og uventa innslag, som det er formulert i invitasjonen,

Men at det skal etast lubbesild og potet med skalet på er det ingen tvil om, heller ikkje at det blir bål ved stranda ved midnatt.

Det er oppmoding om at dei som har lyst tar sjøvegen, for Bøkkerverkstaden har ein stor og flott kai. Men det gjeld å vera ute i tide, for det er berre 60 plassar.

I invitasjonen blir det kunngjort at den særprega arenaen har det meste - også snurredass med kongebilete!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen